Referat styremøte på Veseth 13.01.2012

Desse møtte: Eiliv Veseth, Ronny Sylta, Jan Sigurd Thomassen og Marta Røskeland.
Kjell Lohne var sjuk, og melde forfall.

Sak 11/2011 - Årsmøte 2012

Me tek sikte på å halda årsmøte ein kveld i veka frå 6. februar.
Formannen prøver å få nokon frå Nortura medlemskontakt til å orientera om lammeringar. Formannen skaffar også lokale til møtet.

Sakliste til årsmøtet:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, referent og to til å skriva under på møteboka
3. Årsmelding
4. Rekneskap
5. Eventuelt skiping av lammering
6. Val
7. Arbeidsplan
8. Eventuelle saker

Styret ordnar med litt mat til møtet.

Sak 12/2011 - Lammeringar

Formannen hadde skaffa ein del informasjonsmateriale om Lammeringar frå Nortura.
Ved felles levering frå minst 7 leverandørar med minst 500 leverte slakt kan Nortura inngå avtale om at det vert skipa lammering. Nortura yter då eit tilskot på kr. 3,90 pr. levert slakt. I tillegg dekkjer dei også ein del andre utgifter.
Det er opp til kvar enkelt produsent om dei vil vera med på opplegget.

Styret har tidlegare signalisert eit trekk på kr. 10 pr. dyr som vert levert på Grønskaret til å dekka utgifter til drift og vedlikehald. Vert det danna lammering, kan trekket reduserast til kr. 6 for dei som vert med i lammeringen.

For dei som leverer til Fatland, ordnar Bjørn Skjoldal med mottak og tilsyn med dyra. Det er derfor naturleg at det vert trekt kr. 6 også for desse dyra.

Vedtak: Styret vil tilrå til årsmøtet at det vert danna lammering for dei som leverer slakt til Nortura på Grønskaret, og at saka vert lagt fram på årsmøtet.

Sak 13/2011 - Landbruksdagar

Osterøy Bondelag, Osterøy Bonde- og Småbrukarlag, Osterøy Skogeigarlag, Osterøy Bondekvinnelag, Osterøy Fjordhestlag og Osterøy Sau og Geit har vore tilskipar av Landbruksdagane på Osterøy.
Laga var i januar samla på Osterøy Museum for å drøfta eventuelle Landbruksdagar til hausten.
Laga var einige om at det skal verta Landbruksdagar til hausten, truleg 29. og 30. september.
På møtet vart det fordelt arbeidsoppgåver, og OSG har fått ansvar for å skaffa ulike dyr til dagane, og OSG har også fått ansvar for tilsyn med dyra.
Verlamkåringa til hausten vert lagt til Landbruksdagane.